


Statens medieforvaltning



Årsmelding 2000



9
301.2
STATENS
-MEDIE-
FORVALTNING
2000

Framsida og vignettar: Ragnar «Joker» Pedersen
Layout, sats og trykk: Trykk Service as, Sarpsborg
Opplag: 600 eksemplar



INNHALD

	Side:
<i>Alle røyster trengst</i>	5
<i>Oppgaver</i>	7
<i>Administrasjon</i>	7
<i>Kringkasting</i>	10
– Regelverket	10
– Lokalradio	10
– Lokalfjernsyn	13
– Digital kringkasting	13
– Anna kringkasting	15
– Årsmelding for lokalkringkasting	15
– Økonomien i lokalkringkastinga	15
– Korttidskonsesjonar	18
– Tilsyn med kringkasting	18
– Vidaresending i kabelnett	19
– Vidaresending via private omformarar	21
– Allmennkringkastingsrådet	21
– Internasjonalt arbeid	22
– Europeiske program i fjernsyn	23
– Eigarskap	24
<i>Presse</i>	25
– Regelverket	25
– Dagspresseutvalet	25
– Produksjonstilskot til dagsaviser	26
– Økonomien i dagspressa	27
– Råd og utval	30
<i>Vedlegg</i>	
1. Styre, råd og utval	32
2. Konsesjonærliste - lokalfjernsyn	34
3. Konsesjonærliste - lokalradio	35
4. Fordeling av produksjonstilskot	42


N12<101024521705



NRK
BIBLIOTEKET

98646

ALLE RØYSTER TRENGST



Fem konkurranseutsette aviser – såkalla nr. 2-aviser – døydde i fjor. Ei av dei var Drammensavisa Fremtiden. Ho var eit av arbeidarrørslas sentrale organ gjennom mange år, drive i ein mannsalder før krigen av den legendariske redaktøren Torgeir Vraa, deretter av sonen Jon Vraa like lenge etter krigen.

Avisa Fremtiden hadde si glanstid i mellomkrigstida. På 30-talet var ho arbeidarrørslas nest største avis etter Arbeiderbladet i Oslo, som i sin tur var den nest største avisa i landet etter Aftenposten. Fremtiden var den gongen rekna som ei av dei beste avisene vi hadde, og Torgeir Vraa var kjend som ein av

dei skarpaste pennane i norsk presse.

Forsøka på å blåse nytt liv i Fremtiden vart oppgjevne. Statistisk var heller ikke utsiktene til vidare drift særleg gode: Mange forsøk har vore gjorde på å vekkje opp att avdøde nr. 2-aviser, men ingen har hittil stått opp frå dei døde. I ettertid er forsøka blitt ståande som noko nær likskjending.

Det er alltid trist når aviser døyr, og særleg når det gjeld nr. 2-aviser, som det blir færre og færre av. På 70-talet hadde vi lokal konkurranse i alle store og mellomstore byar i landet vårt, i tillegg til enkelte tettstader. I dag sit vi att med ei dryg handfull utgivarstader der det finst reell konkurranse mellom to eller fleire dagsaviser.

Like nedslåande er det at mest alle forsøk i etterkrigstida på å etablere lokalavis i direkte konkurranse med ei anna har slått feil. I fjor gjekk Ranaposten og Bladet Harstad inn etter få års kamp mot storebrørne Rana Blad og Harstad Tidende. I 90-åra hadde vi mislukka forsøk på å etablere nr. 2-aviser i Larvik, Tønsberg og på Voss.

Nr. 2-avisene har det til felles at dei går med store underskot. Det er pressestøtta som utgjør skilnaden mellom liv og død. Dette er også den typen aviser som pressestøtta tek spesielt sikte på å oppretthalde, for å sikre borgaren eit val mellom ulike alternativ. Samtidig verkar konkurransen gjensidig stimulerande. Aviser utan konkurranse blir gjerne slappe og sjølv gode.

Aviser som får pressestøtte er lite freistande investeringsobjekt. Det skuldast annonseøkonomiens logikk, som favoriserer dei store. Og om ei nr. 2-avis mot alle odds skulle gå med overskot, har ho etter reglane om pressestøtta ikkje lov til å betale noko av dette tilbake til eigarane sine. Det er såleis ikkje til å undrast over at ikkje investorane har stått i kø.

I dag står utbyteforbodet kanskje for fall. Dagspresseutvalet har gått inn for at også pressestøtte-aviser skal kunne betale utbytte til eigarane sine. Det same har fleire av høyringsinstansane. Kanskje vil det bli lettare for gjeldstyngde nr. 2-aviser å tiltrekke seg ny kapital hvis denne regelen blir borte. På den andre sida vil det nok forarge ein og

annan at pressestøttemidler kan hamne i velstående investorars lommer. Blir mange nok forarga, kan sjølv legitimiteten til pressestøtta kome i fare, med dei verknadene dette måtte ha for alle avisene som får pressestøtte.

Framtida for våre få gjenlevande nr. 2-aviser synest i dag usikker. Det betyr likevel ikkje nødvendigvis at monopolavisene vil få leve i fred i tida som kjem. Monopolsituasjonen vil i seg sjølv antakeleg før eller sidan avføde behov for alternative uttrykkskanalar. Nye aviser vil oppstå i byar og tettstader der ei avis i dag rår grunnen åleine. Men kva slag aviser det vil bli, synest i dag usikkert.

Medan nr. 2 -avisene i byane døyrr, veks floraen av små lokalaviser. Desse blir som regel etablerte i kommunar som tidlegare har vore utan avis. Dei kan ikkje erstatte nr. 2-avisene, men er like fullt verdfulle bidrag til lokaldemokratiet. I pressekoet trengst alle slags røyster.



Ivar Andenæs

OPPGÅVER

Statens medieforvaltning er eit forvaltningsorgan for allmenne mediespørsmål under Kulturdepartementet. Vi skal gjennom arbeidet vårt medverke til å oppfylle dei overordna politiske måla på kringkastings- og presseområdet.

Våre sentrale oppgåver er mellom anna å:

- gje konsesjon til å etablere og drive kringkasting og lokalkringkasting
- føre tilsyn med at lokalkringkastingsverksemda blir driven etter føresetnadene
- føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjonar i strid med regelverket
- føre tilsyn med at kringkastingselskapa rettar seg etter regelverket om reklame og sponning
- administrere pressestøtta
- forvalte forskingsmidlar knytte til presse, film og kringkasting
- gje råd og greie ut saker innanfor våre ansvarsområde overfor Kulturdepartementet

ADMINISTRASJON

Statens medieforvaltning er organisert i to avdelingar: Presse- og administrasjonsavdelinga og Kringkastingsavdelinga. Ved utgangen av 2000 var 16 personar tilsette i verksemda.

Presse- og administrasjonsavdelinga behandlar søknader om pressestøtte etter gjeldande regelverk og søknader om tilskot til bruksretta medieforskning og etterutdanning. Avdelinga har vidare ansvaret for dei interne administrative oppgåvene i verksemda.

Kringkastingsavdelinga behandlar søknader om konsesjon til lokalkringkasting, satelittkringkasting og vidaresending av kringkasting. I tillegg fører avdelinga tilsyn med at reglane om reklame og sponning i kringkasting blir følgde.

Driftsbudsjettet til Statens medieforvaltning utgjorde 10,1 millionar kroner i 2000. Av dette gjekk 5,3 millionar kroner til å dekkje løn og godtgjeringar. I tillegg til dette administrerte verksemda løyvingane til pressestøtta, som var på 221,3 millionar kroner i 2000.

Verksemda hadde også i 2000 delteke på årsmøta i presse- og kringkastingsorganisasjonane og på ulike konferansar knytte til medieområdet.

Statens medieforvaltning var sekretariat for følgjande råd og utval i 2000:

- Kontaktutvalet mellom dagspressa og staten
- Rådet for anvendt medieforskning og etterutdanning
- Støtteutvalet for dagsavisene
- Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar


- Konesjonsrådet for lokalkringkasting
- Allmennkringkastingsrådet

Vi har også i 2000 stilt sekretær til disposisjon for styret i Stiftelsen Klar Tale.

ORGANISASJONSKART

per 31.12.2000

Statens medieforvaltning



KRINGKASTING

Regelverket

Ansvar og oppgaver på kringkastingsfeltet er knytte til følgjande lover og forskrifter:

- Lov om kringkasting av 4. desember 1992
- Forskrift om kringkasting fastsett ved kgl. res. 28. februar 1997
- Forskrift om konsesjonsområde for lokalfjernsyn fastsett ved kgl. res. 25. august 1995
- Forskrift om lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendarar fastsett ved kgl. res. 22. november 1996
- Retningslinjer for samsendingar i lokalradio fastsette av Statens medieforvaltning 1. september 1998
- Forskrift om konsesjonsområde for lokalradio fastsett av Statens medieforvaltning 10. oktober 2000

Som ei tilpassing til fjernsynsdirektivet i EØS-avtalen blei det vedteke endringar i kringkastingslovas reglar i § 3-1 om reklame og sponsering. Endringane fører til at meldingar om eigne program og tilleggsprodukt som direkte er avleidde av desse programma, ikkje skal takast med i utrekninga av tillaten reklametid per dag. Det same gjeld for meldingar om offentlege tenester og vederlagsfrie innslag om velgjerdssøremål.

Lokalradio

Talet på lokalradiokonsesjonærar blei redusert frå 286 til 274 i 2000. To av radioane har sendepause. Bortfallet kjem av konkursar, innstilling av drift og sletting på grunn av inaktivitet.



Søknader om lokalradiokonsesjon

Sju konsesjonsområde blei utlyste sommaren 2000. Områda var lokalradiotomme fordi eksisterande konsesjonærar hadde innstilt drifta. Statens medieforvaltning fekk tolv søknader om konsesjon, men ein søknad blei trekt før den endelege behandlinga. Det stod då att elleve søkjarar til fire av dei utlyste områda. Fire søknader blei godkjende.

I same behandlingsrunden delte vi ut ein lokalradiokonsesjon i eit område med etablert lokalradioverksemd. Det er klaga på eitt av avslaga våre på søknad om lokalradiokonsesjon.

Samsendingar

Retningslinjene for samsending i lokalradio har no eksistert i to år. 57 lokalradioar nyttar det generelle løyvet til å samsende lokalprodusert programmateriale samtidig med to andre lokalradioar i konsesjonsområde som grensar til, i inntil 25 prosent av den daglege sendetida.

I 2000 er fleire av dei tidlegare løyva til å samsende meir enn 25 prosent av den daglege sendetida førte vidare. Konsesjonærane har hatt positive erfaringar så langt. To av dei nemnde løyva gjeld samsending mellom fleire enn to andre lokalradiokonsesjonærar.

Vidaresending i lokalradio


I tillegg til samsending har lokalradioane høve til å nytte inntil 25 prosent av den daglege sendetida si til vidaresending frå sentral leverandør. 117 av lokalradioane nyttar vidaresending frå sentrale leverandørar. I den tida ordninga har eksistert, har Statens medieforvaltning ikkje motteke søknader om å få nytte meir enn 25 prosent av den daglege sendetida til vidaresending.

Sendarnett

I 2000 er dei aller fleste sendarnetta for lokalkringkasting konsesjonerte. Somme sendarnettkonsesjonar står att på grunn av ny konsesjonstildeling til lokalradio i haust. Andre saker må også avklarast før sendarnettspørsmålet kan avgjerast.

Konsesjonsområde for lokalradioar

Statens medieforvaltning har etter samråd med Post- og teletilsynet og Norsk Lokalradioforbund forskriftsfesta konsesjonsområde for lokalradio. Forskrifta blei fastsett 10. oktober 2000. Områdegjennomgangen var ein del av førebuingane til ny konsesjonsperiode. Det er mindre justeringar som er gjorde, og endringane går i hovudsak ut på at område er slått saman etter ønske frå konsesjonærane. Statens medieforvaltning har ikkje endra konsesjonsområde der alle partar ikkje har slutta seg til dette. Talet på konsesjonsområde er etter at forskrifta blei fastsett, redusert frå 156 til 148.



Elleve område har meir enn eitt sendarnett for lokalradio:

- Sarpsborg og Råde (1,5 sendarnett)
- Oslo (6 sendarnett)
- Aurskog-Høland, Sørumsdal, Fet, Rælingen, Enebakk, Lørenskog, Skedsmo, Nittedal og Gjerdrum (1,5 sendarnett)
- Lier, Nedre Eiker og Drammen (2 sendarnett)
- Kristiansand (2 sendarnett)
- Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira, Sveio, Etne og Ølen (1,5 sendarnett)
- Stavanger og Sola (2 sendarnett)
- Bergen (3 sendarnett)
- Molde, Fræna, Aukra, Midsund og Vestnes (1,5 sendarnett)
- Skodje, Giske, Ålesund, Haram, Sula og Ørskog (1,5 sendarnett)
- Trondheim (2 sendarnett)

1,5 sendarnett vil seie to sendarnett der eitt gjev fullstendig dekning, medan det andre berre gjev god dekning i primærområdet og eventuelt delar av resten av området.

Ny konsesjonsperiode for lokalradio

Inneverande konsesjonsperiode for lokalradio går mot slutten, og ny femårsperiode byrjar 1. januar 2002. Statens medieforvaltning har i 2000 lyst ut nye konsesjonar. I tillegg til områdegjennomgangen som nemnd ovanfor, har vi oppdatert registra våre for konsesjonsforhold. Vi har mellom anna lagt til rette for større bruk av heimesidene våre som ein tilleggskanal for informasjon i samband med konsesjonsutlysinga.



Ny konsesjonsperiode blei kunngjort i oktober, og fristen for å søkje lokalradiokonsesjon var 27. november 2000. Søkjarar kunne for første gong laste ned søknadsskjema og orientering frå heimesidene til Statens medieforvaltning. Mange søkjarar gjorde dette. Vi har motteke 455 søknader om lokalradiokonsesjon, noko som viser at det framleis er stor interesse for nyetableringar i lokalradiobransjen. Fleire søkte om konsesjon i mange område, slik at talet på søkjarar som står bak dei ulike søknadene er noko lågare. Fleire av dei større lokalradioaktørane ønskjer no å etablere seg i fleire område, og vi ser ei spesiell interesse for dei bynære områda. Eit anna trekk ved denne søknadsrunnen er at mange aviser søker eigen lokalradiokonsesjon. Søknadene er førte inn i registeret til Statens medieforvaltning, og søkjarlistene er lagde ut på heimesidene våre.

Konsesjonsrådet for lokalkringkasting har vore innstillande og rådgjevande organ for Statens medieforvaltning ved tildeling av lokalkringkastingskonsesjonar. Medlemmene i rådet var oppnemnde for perioden fram til 31. desember 2000. Kulturdepartementet har bestemt at konsesjonsrådet ikkje skal førast vidare i den komande perioden.

Lokalfjernsyn

Ved utgangen av 2000 var 26 konsesjonar for allment bakkesendt lokalfjernsyn i drift. 18 hadde konsesjon til å sende lokalfjernsyn over NRK2 sine bakkesendarar, og for kabelsendt lokalfjernsyn var konsesjonstalet 15.

Allment bakkesendt lokalfjernsyn

TV Follos konsesjon fall bort i 2000 på grunn av konkurs. Vi kunngjorde den ledige konsesjonen for området med søknadsfrist 5. januar 2001. Etter eit lengre sendeopphald blei konsesjonen til TV Svalbard sletta i samråd med konsesjonæren.

Lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendarar

Ordninga gjer det mogleg særleg for livssyns- og ideelle organisasjonar å drive lokalfjernsyn på bakkesendarane til NRK2 når NRK sjølv ikkje har sendingar. Konsesjonsperiodane er tre år. Den første perioden gjekk ut 31. desember 1999.

18 ideelle organisasjonar har fått konsesjon for tre nye år til 31. desember 2002. Dei fleste konsesjonane er fornya frå førre perioden. Det er stor interesse for ordninga blant kristne organisasjonar i Oslo.

Lokalfjernsyn i kabelnett

Statens medieforvaltning kan gje konsesjon til å drive fjernsyn i avgrensa lokale kabelnett. Ein føresetnad for å få konsesjon er at kabeleigaren på førehand har gjeve tilsegn om plass i nettet.

Det blei gjeve seks nye konsesjonar i 2000, og ordninga omfattar no 15 konsesjonærar. Det er særleg lokale lag og foreiningar som nyttar ordninga.


Digital kringkasting

Statens medieforvaltning har i 2000 arbeidd jamleg med spørsmål knytte til innføring av digital distribusjon av radio og fjernsyn i Noreg. Sakene har i hovudsak dreidd seg om planlegging og framtidig regulering.

Digital radio (DAB)

Det riksdekkjande sendarnettet for DAB dekkjer ved årsskiftet 50 % av befolkninga. Det er vedteke å byggje ut dette vidare i 2001. Førebels er berre mellom 1000 og 2000 mottakarar i bruk, og salet er lågt. Det kjem i hovudsak av høge prisar og dårleg marknadsføring.

Forhandlingane med P4 om riksdekkjande konsesjon er slutført, og den riksdekkjande frekvensblokka for DAB er dermed fullt fordelt. Konsesjonen er gjeven for ti år. NRK og det private selskapet Radio 2 Digital AS fekk slikt løyve i 1999.



Norkring AS er gjeve mellombels konsesjon til å etablere eit sendarnett i den regionale frekvensblokka som dekkjer Oslofjord-området. Førebels har berre NRK fått løyve til å distribuere sendingane sine her.

Det er arbeidd vidare med å planleggje regionale og lokale DAB-nett. Planlegginga skjer i samråd med NRK, Norsk Lokalradioforbund, Norkring og Post- og teletilsynet. Målet er å finne løysingar som så langt det er mogleg, tek vare på både NRK og lokalradioane sine interesser. Løysinga kan ligge i ein kombinasjon av å bruke regionalblokkene i VHF-bandet og frekvensar i L-bandet.

Digitalt fjernsyn

Ved årsskiftet var det om lag 470 000 mottakarar for satellittfjernsyn i Noreg. Av desse var om lag 200 000 mottakarar for digitalt fjernsyn. Utsiftinga frå analogt til digitalt mottak skjer kontinuerleg. Distribusjonen skjer gjennom selskapa ViaSat og Canal Digital.


Det blir også arbeidd med å innføre digital distribusjon av fjernsyn i kabelnetta, men førebels er omfanget lite.

Statens medieforvaltning har gjeve Norkring AS løyve til å etablere eit avgrensa prøve-nett for bakkesendt digitalt fjernsyn (DTT). Føremålet er å prøve ut digitale sendingar både teknisk og kommersielt. Nettet er avgrensa oppover til 2000 mottakarar (sett-topp-boksar). Konsesjonen gjeld til 1. juli 2001.

Norkring, NRK og TV 2 drøftar å etablere eit permanent nett for DTT i Noreg. Nettet er førebels tenkt å dekkje om lag 90 % av befolkninga med tre multipleksarar. Vi har gjort partane kjende med at ein føresetnad for å etablere eit digitalt bakkenett i Noreg er at både lokalfjernsynet og resten av dei norske fjernsynsstasjonane får ein tilfredsstillande plass.

I handlingsplanen som regjeringa har for IT-området, er det eit mål at den permanente reguleringa av DTT-nettet skal vere fullført i 2001. Statens medieforvaltning føreset at DTT-nettet blir regulert etter kringkastingslova.

Anna kringkasting



Statens medieforvaltning har utarbeidd vilkår og kunngjort at det er mogleg å søkje konsesjon til analoge radiosendingar på langbølgebåndet. To søkte om slik konsesjon, men den eine trekte seinare søknaden. I tillegg er det utgreidd i kva grad det er mogleg å drive analoge radiosendingar på mellombølgebåndet.

Årsmelding for lokalkringkasting

Etter § 7-14 i kringkastingsforskrifta har alle som har konsesjon for lokalkringkasting, plikt til å levere årsmelding om verksemda si til Statens medieforvaltning. Årsmeldinga, som skal leverast innan 1. mars, skal innehalde opplysningar om verksemda i det føregåande året.

Årsmeldingane gjev nyttig kunnskap om struktur, økonomi, sendeverksemd, tal på medarbeidarar og programproduksjon i lokalkringkastinga. Kvaliteten på dei innsende årsmeldingane er avgjerande for kor påliteleg materialet som Statens medieforvaltning presenterer, er. I sine eigne årsmeldingar gjev Statens medieforvaltning kvart år ein samla presentasjon av opplysningane frå årsmeldingar for lokalradio og lokalfjernsyn. For 2000 har opplysningane for dei seinaste tre åra også gjeve grunnlag for ei samla framstilling av ein del utviklingstrekk i lokalkringkastinga. Desse er samla i rapporten «Fakta om lokalradio», som også er lagd ut på heimesidene våre.

Økonomien i lokalkringkastinga

Lokalradio

Lokalradiobransjen hadde i 2000 for første gong eit overskot på drift med to millionar kroner. Det er ei betring på ni millionar frå 1999. Dei fire siste åra har bransjen snudd eit driftsunderskot på 24 millionar kroner til eit overskot.


Lokalfjernsyn hadde i 2000 eit samla driftsunderskot på 62 millionar kroner. TV-kanalen Metropol er for første gong med i oversikta. Utan Metropol er driftsunderskotet på ni millionar, ei betring på 13 millionar i høve til driftsunderskotet i 1999.



Av 274 lokalradiokonsesjonærar i 2000 er det 234 som har levert årsmelding. 21 med konsesjon for allment bakkesendt fjernsyn har levert årsmelding.


Rekna i heile millionar, auka omsetninga i lokalradiobransjen frå 237 millionar kroner i 1999 til 244 millionar i 2000, mens driftskostnadene gjekk ned frå 244 millionar kroner til 242 millionar kroner. 64 lokalradioar viser positivt årsresultat i 2000 mot 56 radioar året før.

Omsetning, driftskostnader og driftsresultat for lokalradio:



Reklameinntekter har auka med tolv millionar kroner frå 1999 og har frå 1997 auka med til saman 36 millionar kroner. Bingoinntektene gjekk ned med ti millionar kroner frå 1999. Andre inntekter er stort sett stabile.

Inntektene fordelte seg slik i 2000:




Løn og sosiale kostnader utgjorde 36 prosent av dei samla kostnadene i 2000. Det er prosentvis den same delen som i 1999. Sendekostnader utgjorde i 2000 elleve prosent av samla driftsutgifter, mot fem prosent for 1999 - ein auke på 14 millionar kroner.

Etter at talet på sysselsette har gått ned dei fire åra som gjekk føre, auka talet på årsverk frå 406 i 1999 til 450 i 2000 fordelt på heil- og deltidstilsette. 4 128 frivillige arbeidde i lokalradiobransjen i 2000 mot 4 300 i 1999.


Lokalradioane hadde samla over 614 000 sendetimar i 2000. 527 000 sendetimar var lokale eller eigenproduserte program. I 2000 har totalt 73 radioar hatt sendingar for etniske og språklege minoritetar. Det er ni fleire radioar enn i 1999. Det er sendt på til saman 19 språk. Storparten av sendingane til språklege og etniske minoritetar er på bosnisk, engelsk, samisk, spansk og tamilsk.

Lokalfjernsyn

Lokalfjernsynsbransjen hadde i 2000 eit samla driftsunderskot på 62 millionar kroner. Omsetninga auka frå 172 millionar kroner i 1999 til 194 millionar kroner i 2000. I same perioden auka driftsutgiftene frå 194 millionar kroner til 256 millionar kroner. Årsaka til dei store endringane er oppstarten av Metropol, som ikkje var med i utrekningane for 1999. Held vi Metropol utanfor, har lokalfjernsynsbransjen redusert driftsunderskotet frå 22 millionar kroner i 1999 til ni millionar kroner i 2000.



Inntektene for lokalfjernsyn medrekna Metropol fordelte seg slik i 2000:



Løn og sosiale kostnader utgjorde 38 prosent av samla utgifter i 2000. Sendekostnader utgjorde 28 prosent av kostnadene.

Talet på sysselsette fordelt på heil- og deltidstilsette var 273 i 2000, om lag det same som i 1999.

Lokalfjernsynsselskapa sende i 2000 til saman over 114 000 timar. Om lag 9 300 av desse vart brukte til å sende lokalproduserte program og lokale nyhende.

Korttidskonsesjonar

I 2000 gav medieforvaltninga 21 korttidskonsesjonar til lokalradio. Av desse var ti gjevne til å dekkje kristne møteseriar og liknande, tre til festivalradioar, ein til «uke-radio» og sju til leirar og stemne. Vi gav også to korttidskonsesjonar til lokalfjernsyn i kabelnett, den eine i samband med Aksjon Håp.


Av omsyn til lokalradioane i området der det blir søkt om korttidskonsesjon, er det ønskeleg at dei som skal dekkje lokale arrangement, gjer det i samarbeid med etablerte konsesjonærar. Som regel har ikkje konsesjonærane noko imot at det blir gjevne konsesjon for å dekkje eit lokalt arrangement for ei kort tid. Eit vilkår for å gje konsesjon er at fleire frekvensar er tilgjengelege i det aktuelle sendeområdet. Korttidskonsesjonar blir ikkje gjevne til lokalfjernsyn over eter.

Tilsyn med kringkasting

Reklame og sponning

Statens medieforvaltning skal føre tilsyn med at regelverket om reklame og sponning i kringkasting blir følgt. Volumet for reklamesendingar i riksdekkjande fjernsyn er kontrollert etter kvart.

25 opptak av fjernsynssendingar er henta inn og kontrollerte, medan åtte av kontrollane har ført til vidare behandling overfor kringkastingselskapa. Sakene har omfatta ulike forhold som har å gjere med plassering av sponningspresentasjon og reklameinnslag i sendingar, inn- og utannonsering av reklame, innhaldet i sponningspresentasjonar, politisk innhald i reklame med meir.



Fem forhold gjaldt TV 2, ei sak er teken opp med NRK1 og to saker med TVNorge. SMF har hatt eit møte med TV 2 med gjennomgang av fleire tema knytte til korleis ein praktisk skal forstå regelverket.

I mars 2000 sende TV 2 reklame for Norsk Sykepleierforbund. Etter vår vurdering var dette reklame for politisk budskap i strid med forbodet i lov om kringkasting § 3-1. Statens medieforvaltning gav likevel ikkje sanksjon for regelbrotet. I denne vurderinga la vi vekt på at TV 2 hadde freista å gjennomføre tiltak for å unngå å kome i strid med forbodet.

Hausten 2000 lanserte TV 2 «Nyhetsstimen», som var eit timelangt nyhendeprogram med reklameavbrot. Ved kontroll av sendinga fann vi at ho måtte reknast som eitt sa-

manhengande nyhendeprogram, og at ho derfor ikkje kunne avbrytast med reklame. Etter at vi hadde teke dette opp med TV 2, endra dei sendinga for å følge regelverket. Det blei gjort ved at dei ulike delane av «Nyhetstimen» blei skilde ut som egne program.

Overfor NRK tok vi opp programserien «Livreddere». Serien var spona av Nycomed, som etter vår vurdering må reknast som eit legemiddelfirma, og som derfor ikkje kan sponse kringkastingsprogram.

Overfor TVNorge blei det reist to saker. Den eine saka gjaldt ulovleg reklameavbrot i aktualitetsprogrammet «Brutte løfter», og det andre gjaldt salsfremjande tilvisingar til sponsor i programmet «71° Nord».



Tilsyn med konsesjonsvilkår

Under behandling av ulike saker har SMF i fleire tilfelle avdekt at konsesjonærar ikkje oppfyller plikta si til å halde oss orientert heile tida om endringar knytte til konsesjonsforhold. I hovudsak dreier slike saker seg om at konsesjonærar ikkje uoppfordra rapporterer endringar i eigarforhold, namn, sendetider, ansvarleg redaktør, styre m.m. For å sikre ei periodisk oppdatering av slike opplysningar har vi kopla dei viktigaste av dei til den årsmeldinga lokalkringkastingskonsesjonærane har plikt til å levere.



Vidaresending i kabelnett

Lov og forskrift om kringkasting inneheld egne kapittel om vidaresending i kabelnett. Fleire spørsmål om vidaresending i kabelnett blir omfatta av både tele- og kringkastingslovgevinga. Statens medieforvaltning samarbeider med Post- og teletilsynet i saker som gjeld både innhald og teknologiske føresetnader.

I telelovgevinga er kabelnett definert som overføringsnett for kringkasting. Lova opnar no for å bruke slike nett til nye tenester. Slike tilbod kan til dømes vere telefoni og multimedietenester. Introduksjon av desse nye tenestene har ført til at større kabelselskap etter kvart har reservert frekvensar som tidlegare blei nytta til kringkasting, til dette føremålet. Denne tilpassinga er i tråd med europeiske avtalar og praksis, og har ført til at desse netta har noko mindre plass til fjernsynssendingar i lett tilgjengelege frekvensar med stor kapasitet.

Formidlingsplikt i kabelnett

Alle kabelnett har plikt til å vidaresende NRKs sendingar, norsk TV 2 og allment bakkesendt lokalfjernsyn. Plikta gjeld ikkje for organisasjons- og livssynsfjernsyn som blir sendt i ledig sendetid på NRK2s bakkesendarar. Statens medieforvaltning har fått fleire førespurnader om formidlingsplikt også i 2000.


Digital vidaresending kabelnett

Somme kabeloperatørar har starta digitale overføringer av signal i netta sine, til dømes i Oslo og Bergen. Digital overføring inneber ein stor auke i kapasiteten til kringkasting og andre tenester i netta, og fører til at abonnentane må ha ein digital dekodar som ein del av mottakarutstyret.

Ulovleg innhald i program

Etter lov om kringkasting § 4-5 kan Statens medieforvaltning forby at norske kabelnett vidaresender fjernsynskanalar som sender program med pornografi eller vald i strid med norsk lov. Når ein skal vurdere om innhaldet i sendingane er lovleg, skal Statens medieforvaltning be Statens filmtilsyn om å uttale seg.


Statens medieforvaltning behandla to førespurnader etter desse reglane. Klagane gjaldt Playboy TV og Canal+ Gul. Filmtilsynet konkluderte med at sendingane på Playboy TV ikkje var i strid med straffelova. Saka om Canal+ er ikkje avslutta. I samband med denne saka har vi foreslått overfor Kulturdepartementet at regelverket blir vurdert nærare.



Abbonentval i kabelnett

Statens medieforvaltning behandlar tvistar som gjeld formidling av kringkasting i kabelnett. Det gjeld til dømes saker der programønske frå mindretalsgrupper blant abonnentane blir underkjende av fleirtalet. Medieforvaltninga sine avgjerder er endelege. Behandlinga omfattar ikkje einskildabonnentar og individuelle ønske.

Mange spørsmål har dreidd seg om konkret informasjon om programval, formidlingsvilkår, grunngjeving for programsamansetjing, avtalar og prisspørsmål, tekniske forhold m.m. Dette er spørsmål ein føreset at kabelselskapa sjølve må gje abonnentane sine svar på. Dette har vi gjort kabelselskapa merksame på.



I 2000 har vi framleis hatt mange førespurnader om abonnentval og om korleis ein skal forstå regelverket som gjeld for slike val. Spørsmål har ofte vore knytte til måten abonnentvala blir gjennomførte på, og utforming og endring av programsamansetjing.

Vidaresending via private omformarar

Konsesjonsordninga gjeld oppretting eller drift av anlegg som vidaresender NRK, norsk TV 2, P4 Radio Hele Norge, lokalkringkasting og nordiske lands allmennfjernsynskanalar. I område som ligg i satellittskugge, kan SMF også gje konsesjon til å formidle satellittfjernsyn og NRK2 vidare. Gjennom året har SMF sendt ut 38 varsel om sletting av konsesjon for vidaresending. Det har kome inn 40 søknader. 34 søknader er godkjende. Konsesjonane varer til 1.1.2005. Ved årsskiftet var det 46 konsesjonar av denne typen.

Allmennkringkastingsrådet

Allmennkringkastingsrådet er eit rådgjevande organ for Kulturdepartementet som vurderer om programverksemda i NRK, TV 2 og P4 er i samsvar med prinsippa for allmennkringkasting. Rådet har sju medlemmer, og Statens medieforvaltning er sekretariat.

Evalueringa av programtilbodet frå allmennkringkastarane i 1999 blei presentert i ein rapport som blei lagd fram i mai 2000. I rapporten blei det samla norske allmennkringkastingstilbodet framleis vurdert som i hovudsak godt. Rådet trekkjer likevel fram ein del forhold som det meiner ikkje er fullgode.

Rådet hadde blant anna følgjande merknader om NRKs radiotilbod: P1 har utvikla seg mot ein lettare profil basert på musikk og underhaldning, og kanalen manglar framleis barneprogram. Musikkmengda på P2 auka frå 29 til 45 % i 1999, og rådet fann grunn til å påpeike at kanalen bør gje større rom for andre kulturytringar enn musikk. I Petre er fordelinga mellom sjangrane ganske god, men dekinga av kulturlivet kan gjerne utvidast til å omfatte meir enn populærmusikk og film. Det statistiske materialet NRK presenterte for Petre, var også mangelfullt for 1999.



For P4 meinte rådet at verksemda til kanalen generelt ikkje oppfyller dei krava ein bør kunne stille til ein allmennkringkastar. Det blei mellom anna peika på at musikkdelen er svært høg, at musikktilbodet er dominert av populær-

musikk, at ein ikkje prøver å nå etniske minoritetar som særskild publikumsgruppe, og at kanalen manglar eit tilbod til barn i helgane. Nyhendedekninga blei skildra som god, medan det blei peika på at resten av programflata i for liten grad er prega av kritiske og fordjupande perspektiv.

Tilbodet frå NRK1 blei i hovudsak vurdert som svært tilfredsstillande, men rådet peika igjen på at ein større del av programma bør gjerast tilgjengeleg for høyrslheemma.

Rådet meiner at NRK bør vere varsam med å avskjere store publikumsgrupper frå populære tilbod innanfor kulturformidling og samfunnsorientering ved å flytte tilbodet til NRK2, som i store delar av landet har svært låg dekning. Vidare blei det peika på at det ser ut til at den samiske minoriteten har eit for dårleg tilbod på NRK2.

Om TV 2 meinte rådet at dramadelen på rundt 50 % var så stor at den nødvendigvis avgrensar rommet for andre sjangrar. Det blei vidare peika på at stoffområda kunst og kultur, vitskap og forskning, religion og livsfilosofi er dårlegare dekte enn ønskjeleg ut frå allmennkringkastingsoppdraget. Samla sett blei også tilbodet til barn og unge vurdert som langt frå det ein kan vente av ein allmenn kanal. Rådet peika igjen på at tilbodet til dei høyrslheemma er for dårleg.

Rådet har gjeve høyringsfråsegner til Konvergensutvalets utgreiing (NOU 1999:26) og til Ytringsfridomskommisjonen utgreiing (NOU: 1999:27), som begge er sentrale for allmennkringkastinga si framtid i Noreg. Begge høyringsfråsegnene er gjevne att fullstendig i rapporten frå rådet for 1999.

Internasjonalt arbeid

EPRA



Som medlem av EPRA (European Platform of Regulatory Authorities) hadde vi deltakarar på dei to møta i 2000. Dei blei haldne i Paris og Bratislava. 32 land er no med i organisasjonen.

På møtet i Paris var hovudtema eigarskap i media, tilsyn med fjernsynssendingar og politisk reklame i fjernsyn. På møtet i Bratislava var hovudtema regulering av reklame ved digital teknologi og reglane om jurisdiksjon. Eit anna emne var vernet om menneskeverd i dei nye fjernsynsprogramma i sjangeren «røyndomsfjernsyn».

Nordisk møte om radio- og fjernsynsspørsmål

Møta blir haldne årleg og samlar dei nordiske forvaltningsorgana på kringkastingsområdet. I 2000 blei det nordiske møtet halde i København. Formålet med møta er å utveksle kunnskap og erfaringar frå kringkastingsområdet mellom styresmakter i dei nordiske landa. Hovudtema for møtet i 2000 var mediepolitiske spørsmål, gjennomgang av status for digital radio og TV, public service-forpliktingar og rekneskap, reklame retta mot barn og spørsmål om jurisdiksjon.

Europeiske program i fjernsyn

Direktivet om fjernsyn over landegrensene er ein del av EØS-avtalen og har krav om at storparten av sendetida til fjernsynsselskapa skal setjast av til europeiske verk. Det blir også kravd at minst ti prosent av sendetida skal setjast av til å sende europeiske program som er produserte av uavhengige produksjonsselskap. Reglane er gjevne for å fremje produksjonen av europeiske program.

For å oppfylle Noregs plikter etter direktivet er det gjeve nærare reglar i forskrift om kringkasting, kapittel 2. Den halvparten av sendetida som ikkje er nyhende, sport, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag, reklame eller tekstfjernsyn, skal setjast av til å sende europeiske verk. Lokalfjernsyn er unnateke frå desse reglane.

TVNorge ligg monaleg under kravet om minst 50 % europeiske program.

Statistikk for europeiske program skal rapporterast til Statens medieforvaltning kvart år. Tala for dei norske fjernsynsselskapa for åra 1996 til 2000 er slik:

Europeisk programdel i norske fjernsynskanalar (%)

Kanal	Europeisk programdel					Uavhengige produksjonar					Nye produksjonar				
	1996	1997	1998	1999	2000	1996	1997	1998	1999	2000	1996	1997	1998	1999	2000
NRK1	80	77	80	76	85	15	11	11	11	12	71	85	81	89	90
NRK2	64	62	69	66	62	16	9	8	9	16	71	67	46	75	85
NRK Int.	-	-	-	76	90	-	-	-	11	9	-	-	-	89	71
TV 2	54	49	51	55	58	48	52	62	20	29	100	100	100	83	90
TVNorge	11	14	13	22	20	7	14	13	22	20	90	58	59	20	100
Metropol	-	-	-	51	48	-	-	-	25	22	-	-	-	44	76




Eigarskap

Medieforvaltninga behandla 30 søknader om godkjenning av eigarendringar og overføring av konsesjonar i lokalkringkasting, i hovudsak lokalradio.

Det franske selskapet NRJ har skaffa seg konsesjonar i område nær større byar som Trondheim, Stavanger og Oslo. I tillegg er det utanlandske eigarinteresser i lokalradio gjennom dei etablerte danske og amerikanske interessene i Aller-gruppa, som framleis ligg nærast grensa for tillaten eigardel i lokalradio.

PRESSE

Regelverket




Ansvar og oppgaver i pressefeltet er knytte til følgjande forskrifter:

- Forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser, fastsett ved regjeringsresolusjon 7. november 1996
- Forskrift om tilskot til innvandrapublikasjonar, fastsett ved regjeringsresolusjon 7. november 1996
- Forskrift om tilskot til samiske aviser, fastsett av Kulturdepartementet 17. mars 1997
- Forskrift om tilskot til informasjonsarbeid i politiske parti, fastsett av Kulturdepartementet 8. februar 1999

Dagspresseutvalet

Regjeringa oppnemnde i april 1999 eit utval som skulle vurdere rammevilkåra for pressa. Utvalet, som blei leidd av Hallvard Bakke, la fram utgreiinga si i mai 2000.


Dagspresseutvalet foreslo mellom anna å auke produksjonstilskotet til 240 millionar kroner. Utvalet foreslo vidare å innføre ein ny støttemodell som fører til at tilskotet til nr. 2-avisene og dei såkalla meiningsberande avisene i større grad skal byggje på skjønn. Utvalet vil også innføre eit etableringstilskot og på nytt innføre ordninga med ekstraordinært produksjonstilskot til aviser som kjem i akutte økonomiske vanskar. Vidare foreslo utvalet å auke i løyvingane til forskning og etterutdanning kraftig, og dei foreslo ei eiga løyving til tiltak for å styrkje avislesinga blant barn og unge. Utvalet gjekk elles inn for å halde nullsatsen for meirverdiavgift på abonnement og laussal ved lag.



Statens medieforvaltning peika i høyringsfråsegna si på at reglane for pressestøtta bør vere så objektive som mogleg, og åtvara mot å innføre skjønnbaserte ordningar.

Produksjonstilskot til dagsaviser

Fordelinga av produksjonstilskotet skjer etter forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser. Produksjonstilskotet blir gjeve til nr. 2-aviser med opplag under 80 000 eksemplar og nr. 1- og åleineaviser med opplag under 6 000 eksemplar.



Eit hovudmål med produksjonstilskotet er å medverke til at det kan kome ut alternativ til dei leiande avisene på lokalt og nasjonalt nivå. Ein stor del av produksjonstilskotet går derfor til nr. 2-avisene. Tilskotet til nr. 2-aviser blir rekna ut etter netto-opplag multiplisert med talet på utgjevingar i kalenderåret, og blir betalt ut etter ulike satsar. Nr 2-aviser i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger får støtte etter høgste sats. Riksspreidde meiningsberande aviser får eit særskilt ekstra tilskot.

Nr. 1- og åleineaviser får eit fast tilskot etter talet på utgjevingar i veka. Nr. 1- og åleineaviser i Nordland, Troms og Finnmark får tilskot etter dobbel sats.

Løyvingane dei siste fem åra (i millionar kroner)

1996	1997	1998	1999	2000
200,4	202,8	188,2	159,7	164,2

Produksjonstilskotet i 2000 blei fordelt på bakgrunn av mellombels forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser, fastsett av Kulturdepartementet 17. oktober 2000.

I statsbudsjett for 2001 blei produksjonstilskotet auka til 180 millionar kroner.


Tilskotsfordelinga i 2000



130 aviser fekk til saman 163,7 millionar kroner i produksjonstilskot for 2000. Tilskotet fordelte seg slik mellom dei ulike avisgruppene:

Avistype	Totalt	Nr. 2-aviser	Nr. 1- og åleineaviser	Vekeaviser
